

Eit STEMI ska'kje vara evig veit du

Tekst: John Magnus Jota

I dag du kjente
at du fikk brystverk da du satt på do
med vondt i armen – dyspnoe og kaldsvett
Vi kan sjå ST-løftet i V2
Dei tar imot deg på hospitalet
du får ein ASA, nitro og morfin
Eit STEMI ska'kje vara evig veit du
skal aldri vara evig

Doktor Fossum
han seier du må ha ein PCI
Og på lab 18 dei dekker bordet
og stikk ei hylse inn i handa di
Så får du flimmer og blir heilt borte
du får elektrosjokk og medisin
Ein flimmer ska'kje vara evig veit du
skal aldri vara evig

På overvakning
der blir du galen og paranoid
Du lyt få droger så du skal sove
Dei gjer deg Nozinan og Stesolid
Du vaknar oppatt og hugser ikkje
at du vart lagt i jern og dopa ned
Ei psykose ska'kje vara evig veit du
skal aldri vara evig

Så blir du flytta
Du ligg på korridor på Hjarte B
Om nokre dagar du sendes heimatt
og du er nøgd og tenker ”det var det”
Men du lyt hugse å kutte røyken
og byrja jogge før det er for seint
Ein stent den kan'kje vara evig veit du
kan aldri vara evig